


NR. 7.

SEPTEMBER 1984

17. ÅRG.

Vigslingshøgtid for Betania på Lone



Søndag 16. september kl.16.00 kan Haukeland Indremisjon innby til vigslingshøgtid for bedehuset «Betania» på Lone. I 2 1/2 år har det gått føre seg ei omfattande ombygging og utbetring av det gamle bedehuset, som stod ferdig til bruk i 1930 og som no er altså 50 år gammalt. Huset er så og seja vorte heilt nytt både innvendig og utvendig.

Ein har ved denne ombygginga fått til disposisjon eit dobbelt så stort areal som tidlegare. Det er kome til fleire nye rom. Eit nytt kjøkken med moderne innreiing vil gjera det langt lettare å skipa til festsamvær. Ein ny småsal kan slåast saman med møte-

salen, og 200 personar vil på denne måten få plass på eit golv. Den gamle matsalen i kjellaren er innreidd til ungdomslokale, og der skal det setjast opp peis. I kjellaren har me og fått eit aktivitetsrom og eit grupperom, og der er det og skaffa plass til ein heilt ny toalettavdeling. Møtesalen får eige høgtalaranlegg, og det vil bli lagt inn teleslynge til hjelp for dei som har høyreapparat.

Det aller meste av arbeidet er utført på dugnad. Berre til røyrleggjar-, elektrikar- og golvleggingsarbeidet er det brukt leigd hjelp. Talet på duggnads-timar er kome opp i over 7000. Duggnadsarbeidet har vorte delt mellom 3-4 dugnadsgjengar, og organisiert slik at kvar dugnadsgjeng har arbeidt ein kveld i veka, og i tillegg ein laurdag for månaden. Gjennom heile byggjeperioden har ein makta å halda i gong den omfattande verksemda som vert driven i bedehuset.

Arbeidet var på førehand kostnad-rekna til omlag 700.000 kr., men me reknar med at verdien av det arbeidet som er utført, i dag ligg på nærare 1 mill.kr. I denne summen er og teke med ein god del nytt inventar. Ved

Framhald s.14.

Søndagsskular i Arna:

Sjå s.4.

Menneske-ord – Guds-ord

Gud tala til Jeremia: «Eg har ikkje sendt profetane, og likevel spring dei av stad: eg har ikkje tala til dei, og likevel stig dei fram som profetar. Men hadde dei vore med i mitt råd, då hadde dei forkjent mine ord for mitt folk og fått det til å venda om frå si vonde ferd og sine vonde gjerningar». Jer. 23.21-22.


Gud tala om profetar som Han ikkje hadde sendt. Dei tala av seg sjølv og ikkje Guds ord til folket. Hadde dei tala Guds ord, så hadde folk vendt om frå si vonde ferd og sine vonde gjerningar. Er det viktig for eit folk? Det vonde skaper berre vondt og gjer menneska ulykkelege. Gud vil ikkje det vonde, men det gode for oss. Når vi les i Det gamle testamentet synest vi Gud tala strengt. Høyrrer vi godt etter det Han seier i Ordet, merka vi ei veldig om-

sorg som berre ein god far kan ha for borna sine. Han er visare enn oss og veit kva som best gagnar. Difor åtvavarar Han oss mot å gjera det som fører til vondt for oss og vår neste.

Gjennom Jesus Kristus viste Gud sin kjærleik - ikkje til synda - men til syndaren. Vi kan nemna det Han sa til kvinnen som skulle steinast, ho var teken i hor. Joh. 8.11 «... så dømer ikkje eg deg heller. Gå bort å synda ikkje meir.» Tilgjeving og åtvaring. Han var ikkje komen for å døma verda, men fo å frelsa den.

Vi kan og ta med Sakkeus si omvending då han sa «... og har eg truga pengar frå nokon gjev eg firdobbelt att». Det vonde måtte vika for det gode.

Les vi Guds ord og trur det, vil Ordet vekkja oss til omvending.



Bilrebusløp i Indre og Ytre Arna!

Start frå Ytre Arna kyrkje laurdag 15. september kl. 16.30.

Påmelding innan tysdag 11.9. til:

Arna kyrkjekontor, tlf. 24 04 00 eller til

Ytre Arna kyrkjekontor, tlf. 24 85 46.

Startkontingent: 20 kr. pr. bil.

Etter løpet vert det kafeteria, utlodning, premieutdeling, song og musikk (ved m.a. Arna Kam(mer)orkester).

Fyll bilen og ver med! Alle er velkomne.

Vil du gjerne vera med, men ikkje har bil, kan du opplysa om dette til kyrkjekontoret.

Vel møtt!

Arrangør: Kyrkjelydsskulen.

I styret: Eirik Fjørtoft, Målfrid Sandvik,

Eli Mohn, Kristin Sundsbø.

i kor er dette noko for deg. Vi har mange spanande oppgaver framfor oss (mellom anna Bach-jubileet 1985), og skal vi klara å løyse desse oppgavene treng vi DEG.

SYNG I KOR!

Arna kyrkjes Barnekor

«Arna kyrkjes Barnekor tek til att med øvingane onsdag 29. sept. kl. 16.30. Øvingane finn stad i kyrkja kvar onsdag til same tid. Gamle og nye medlemer hjarteleg velkomne! Alder: Frå 3. klasse og oppover.

Arna Kyrkjekor

Arna Kyrkjekor har teke til att med øvingane (for hausten). Vi held til i kyrkja kvar onsdag fra kl. 19.30 til ca. kl. 21.00. Har du hug til å synga

Ytre Arna Kyrkjekor og Ytre Arna Barne- og ungdomskor

ØVINGSDAG: TYSDAG.

Barnekoret kl. 15.30 (frå 3.-6. klasse).

Ungdomskoret kl. 17.00 (frå 7. klasse og oppover).

Kyrkjekoret kl. 19.00.

Nye medlemer er velkomne!

Konfirmantar

Det har i år meldt seg 210 til konfirmanttida i Arna. I fjor var det 230. Grunnen til nedgangen er at årskullet i år er mindre.

Av desse høyrrer 34 til Ytre Arna kyrkjelyd og 176 til Arna. 7 av dei som høyrrer til Arna, skal ha undervisning på Trengereid.

Høyreanlegg i Ytre Arna

No nærmar tida seg for montering. Godkjenninga er orden, og det meste av anlegget er kome til Ytre Arna. Så om ikkje så lenge vil det kunna takast i bruk.

GUDSTENESTE FOR ELDRE

Vi inviterer dei eldre i kyrkjelydane til gudsteneste i Arna kyrkje

søndag 7. oktober kl. 11.00

Det vil bli sytt for skyss til og frå kyrkja. Dei eldre som treng skyss kan ringe til kyrkjekontoret tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Velkommen!
Diakonutvalget i Arna

Skulestart – også for søndags skulen



Søndagsskulen er ei:

enkel kristen samling om søndagen, der borna får:

- syngja kristne songar
- læra å be
- høyra enkel undervisning og for kynning ut frå Bibelen
- snakka om det dei høyrer
- vera i lag med andre i eit kristent miljø.

Søndagsskular i Arna

Søndagsskulen tek no til att etter ferien.
I Arna er det søndagsskule desse stadene:

YTRÆ ARNA	Bedehuset kl. 10.30
HAUGLAND	Bedehuset kl. 11.00
INDRE ARNA	Bedehuset kl. 10.00
ARNA KYRKJE/Borgstova..... kl. 11.00
ÅDNAMARKA.....	Stølsv. 94 kl. 10.30
LIATUN	Stølsv. 98 kl. 9.45 og 10.30
ARNATVEIT	Salen kl. 10.00
HAUGE	«Betania» Lone kl. 10.45
HAUKELAND	Grendahuset kl. 10.30
UNNELAND	Bedehuset kl. 11.00
SEIMSMARK.....	Garnes barneskule kl. 11.00
TUNES	Bedehuset kl. 11.00
TAKVAM	Kapellet kl. 12.15
ROMSLO	Skulehuset kl. 10.30
TRENGEREID.....	Bedehuset kl. 11.00

Dei fleste stadene er det søndagsskule kvar søndag, men einskilde stader er det annakvar.

VELKOMMEN MED BARNET TIL SØNDAGSSKULEN!

Søndagsskulens dag

Søndag 30.9 vert det søndagsskulens dag med familiegudsteneste i begge kyrkjene, på Trengereid og på Unneland. Alle stader kl. 11.00. Sjå nærmare opplysningar på s. 16 i bladet.

Søndagsskulen vil vera ei hjelptil heimen med den forpliktinga ein som foreldre og fadrar tek på seg når eit barn vert døypt.

Difor skulle det også vera naturleg at borna finn vegen dit.

Mykje vert godt att når vi ber kvarandre om forlating



— Eg og. Mons såg sinna på Tommy.

I det same kvein bremsene i ein bil. Hunden til Tommy hadde kryssa gata, og bilen fekk ikkje bremsa snøgt nok. Nå låg hunden med brekt bein.

Marit og Mons hadde det ikkje godt om ettermiddagen. Dei angra på det dei hadde sagt og ba til Gud for hunden til Tommy. Meir kunne dei vel ikkje gjera?

— Dersom Ruffen hadde vorte kjørd ned rett etter at Tommy ønskte han var daud, kva ville de at Tommy skulle gjera da, spurde far.

Marit og Mons tenkte seg lenge om.

— Han kunne vel i det minste koma og seia han var lei seg, fann dei ut. Far såg på dei. Marit og Mons kikk på kvarandre. Så tok dei kvarandre fast i handa og gjekk til Tommy. Dei ville be han om forlating.

Barn og vaksne gjer ofte ting mot kvarandre som er stygge og ekle. Men mykje vert godt att når vi ber kvarandre om forlating. Tilgje kvarandre slik Gud har tilgjeve dykk, står det i Bibelen. Vi treng alle tilgjeving for det gale vi gjer, både frå Gud og menneske.

Unneland Søndagsskule 90 år

Laurdag 25. august var det stor jubileumsfest i den nye gymnastikksalen på Unneland skule. Dei som har ansvarret for søndagsskulen hadde laga ei fin ramme om jubileet. Arthur Hope leia festen, og han gav også eit oversyn over korleis det hadde starta opp av ein lærar for 90 år sidan og arbeidet seinare. Ikkje alltid hadde det vore like lett å få søndagsskulelærarar, så arbeidet hadde lege nede nokre år. Men nye hadde kome til, og alle som hadde'

vore lærarar desse åra vart nemnde. Dei som er lærarar i jubileumsåret er Arthur Hope og Ellen Øgaard. Bergen Søndagsskulekrins var representert både med formannen, Bård Heradsveit og tidlegare krinssekretær Lilly Haugland, og begge desse hadde ordet.

Mellom dei som kom med gratulasjonar var også formannen i Arna Søndagsskulelag, Svein Mjelde, og preslane i Arna.

Mange lærarar frå andre søndagskulærar i Arna var også møtt fram, og gav fekk «jubilanten» både frå Arna Søndagsskulelag og frå krinskontoret.

Organisten i Arna på studieoppdrag i Strasbourg



Organist Vidar Vikøen har frå november 1983 til juni 1984 hatt permisjon frå stillinga i Arna. I denne tida har han hatt fransk statsstipend for å studera orgelmusikk i Strasbourg. 16. Juli var han på plass på orgelkrakken i Arna att og vi ber han fortelje litt om studieoppdraget.

—Kvifor søkte du stipendet?

—Eg ville gjerne lære meir om orgel-musikk. Det er fleire måtar å spela orgel på. Her i landet lærer vi ein «romantisk» spelemåte, medan nyare forskning har late eldre spelemåtar kome i framgrunnen. Og ut frå dette synes eg fransk orgelspel var særleg interessant.

—Var det mange studentar frå Noreg?

—Dette året var eg åleine, og det er ikkje så vanleg at norske organistar reiser til Frankrike for å studera vidare. Eg er den første frå Noreg som har studert orgelspel i Strasbourg.

—Kva synes du om oppdraget?
—Fantastisk! Har lært enormt

mykje. Orgelprofessor Daniel Roth hadde mykje å seia. Han var professor i Strasbourg og organist i den kjende kyrkja Sacré-coer i Paris. Det var ein stor inspirasjon å arbeida saman med ein så stor kunstnar. Mykje av det eg hadde lært før, vart forandra.

Vidar fortel vidare begeistra om dei mange orgela han fekk sjå og prøva denne tida. Området rundt Strasbourg hadde mange svært gode orgel bygde av Silbermann på 1700 talet, og desse instrumenta er heilt på topp framleis.

—Korleis er det å koma att på orgelkrakken i Arna?

—Ja, eg skulle gjerne hatt med meg eit Silbermannorgel frå Frankrike. Men av dei norske orgela som vart bygde i 50-åra er orgelet i Arna kyrkje av dei betre:

—I Strasbourg møtte du forresten også ein annan, ikkje ukjent, bergensar?

—Ja, Per Lønning bur der, og han var eit samlingspunkt for dei rundt 15 norske studentane i Strasbourg. Vi var ofte heime hjå han, og han forretta også ved ei nordisk gudsteneste for studentar.

—Ellers har vi hørt at du har tenkt å ha debutkonsert som orgelmusikar?

—Ja, eg arbeider med få det til neste år ein gong. Det vil verta i Oslo domkirke.

Vi ynskjer han velkommen tilbake, og for dei som vil ha del i litt av det han har lært, nemner vi at han vil ha ein orgelkonsert i Arna kyrkje søndag 30. sept. kl.19.30.

Varme og kulde

Et venleg ord varmar tre vintrar, eit kaldt gjev kuldegys midt på sommaren.

Kinesisk ordspråk

Einsemd

Be om at di einsemd må verta ei hjelptil å finna noko å leva for, stort nok til å døy for.

Dag Hammarskjöld

Arna Kyrkjelydshus

Ferien er over og kvardagen har meldt seg for dei fleste av oss.

Vi i økonominemnda for kyrkjelydhuset er også i gang med friskt mot, men skal vi vera ærlege, hadde vi vel vona på noko større oppslutning i vår.



Er du også ein av dei som set på gjerdet og ventar?

Vent ikkje for lenge, vi treng støtte frå alle i kyrkjelyden dersom vi skal makk oppgåva vår.

Den enkelte må sjølv finna den beste måten å støtta oss på, men det som er avgjerande er at vi får veta korleis og kva tid pengane kjem.

Planen om å starta grunnarbeidet i 1985 står framleis ved lag, men det er sjølv sagt avhengig av kvar og ein av Dykk. Vi ber difor nok ein gong om di støtte.

Vær med og realiser den største oppgåva som Arna kyrkjelyd har hatt sidan Arna kyrkje stod ferdig for 120 år sidan. La oss byggja eit hus for framtida, der unge og gamle kan trivast og ha det trygt saman i eit kristent fellesskap. La oss gå saman i bøn om at det vil lukkast.

Helsing
ØKONOMINEMNDA
v/Erling Osland

INNKOMNE MIDLAR:

Kassabeholdning pr. 15.8.: ca. 91.000. Lånetilsagn: kr. 85.000.

Pengar kan sendast bankgiro: 8440.21.04243 eller postgiro: 349.89.95 med adresse:

Kyrkjelydshus i Arna
v/ Anna Pettersen,
Boks 76,
5233 Haukeland

Familieside

DØYPTE

- Arna sokn:**
- 31.05: Ragnhild Torma. Døypt i Tjugum kyrkje, Balestrand.
 - 27.05: Dan-William Høvik Indrearner, Silje Ekse, Kristine Hamre Hodneland.
 - 03.06: Erik Nævdal Mjelde, Tord Rådmannsøy Juvik, Thomas Dahl, Renate Skar Skulstad.
 - 10.06: Birthe Iversen, Ingelin Garnes Reigstad, Hildegunn Garnes Reigstad, Hilde Ulveseter, Liv Guri Østrem, Leif-Inge Solend Torsheim.
 - 17.06: Kristin Helen Stephansen Kleiveland, Silje Carlsen Solberg.
 - 10.06: Linda Langeland. Døypt i Adland kyrkje.
 - 24.06: Eivind Vatle, døypt i Ytre Arna kyrkje.
 - 01.07: Espen Ivarsflaten, Truls Magne Dimmen Herland, Kristian Andre Åmot Rossnes, Beate Solheim, Anne-Lill Eikenes og Randi Bjørndal.
 - 08.07: Rikke Etim.
 - 15.07: Øyvind Skutle og Benedicte Skutle. Døypt i Voss kyrkje.
 - 15.07: Tomas Tunestveit og Kristian Tunestveit og June Nesse. Døypt i Ytre Arna kyrkje.
 - 19.08: Frode Buvik, Christian Sivertsen og Siril Eldevik Fosse.
 - 26.08: Harald Skulstad, Erling Hauge, Lisbeth Katrin Bjørsvik Fjelde, Bente Birkeland.
- Ytre Arna sokn:**
- 31.05: Kenneth Skauge, døypt i Åsane.
 - 03.06: Renate Berg.
 - 17.06: Silje Thunes.
 - 24.06: Thomas Kristensen.
 - 08.07: Ida Kristine Haug Espedal, døypt i Sekkemo kapell.
 - 22.07: Ingebjørg Stein.
 - 05.08: Øyvind Klubben Leknessund, døypt i Bremnes kyrkje.
 - 19.08: Martin Larsen Hirth.

VIGDE

- Arna sokn:**
- 26.06: Robert Aardal og Mona Sølv Mostrøm. Vigde i Haus kyrkje.
 - 02.06: Atle Minde og Ragnhild Tellnes.
 - 09.06: Tore Gunnar Andersen og Jorunn Britt Eriksen.
 - 16.06: Svein Atle Rossnes og Wenke Iren Åmot.
 - 23.06: Arnt Kåre Bøe og Brit Kristi Røssland. Vigde i Husnes kyrkje.
 - 23.06: Ivar Aasheim og Wenche Haukanes. Vigde i Korskirken.
 - 13.07: Rune Baldersheim og Svanhild Solhaug.
 - 04.08: Frode Knutsen og Mona Tunestveit.
 - 18.08: Åge Johannes Haga og Randi Minde.
 - 17.08: Jaime Gellida Ballester og Eva Lillefosse. Vigde i Årstad kirke.
- Ytre Arna sokn:**
- 30.06: Svend Svardal og Sylvi Steinestø.
- DØDE**
- Arna sokn:**
- 23.05: Ingeborg Hageberg f. 1897.
 - 06.06: Agot S. Eriksen f. 1899.
 - 21.06: Magnus Måland f. 1904.
 - 25.06: Sindre Fredriksen f. 1922.
 - 30.06: Kari Øijord f. 1895.
 - 02.07: Trygve Anders Herland f. 1909.
 - 12.07: Irene J. Klaussen f. 1938.
 - 28.07: Hege Melinda Ytrearna f. 1983.
 - 30.07: Sverre Kristoffer Aaland f. 1917.
 - 01.08: Johannes Bruåsdal f. 1923.
 - 03.08: Reidar Hauge, f. 1923
 - 09.08: Soleig Bauer, f. 1905
- Ytre Arna sokn:**
- 23.05: Hans Småland f. 1900.
 - 26.05: Sigvald Gaupås f. 1914.
 - 04.06: Hans Kristian Norvik f. 1897.
 - 06.07: Magda B. Kalsås f. 1900.
 - 09.07: Anna Kristine Eggen f. 1926.
 - 27.07: Gunvor Williamsen f. 1914.
 - 02.08: Georg Edvin Kalsås f. 1917.

Presten
har
ordet

Harald Sundsbø



Står kyrkjene tomme?

«Kirkene står tomme» stod det i ei 8-spalters overskrift i Bergens Arbeiderblad 28. august over eit bilet av dei fremste tomme kyrkjebenkane i Ytre Arna kyrkje ved gudstenesta 26.8. Det var ein del av ein repotasje om besøket i kyrkjene i Bergen ein av dei finaste sommarsøndagane dette året.

Om det var avisas sitt ynskje å oppmoda fleire til å gå i kyrkja, støttar eg heilt opp om det. Vanlege søndagar er det god plass, sjølv om gjennomsnittet av frammøtte i Arna nok ligg noko høgare enn det avisas kom fram til denne søndagen (42 for Ytre Arna og 101 for Arna i flg. BA). Dette vert ikkje skrive fordi er er redd for å telja dei som kjem til kyrkje. Det vert gjort kvar søndag utan at noko avis møter opp, og det er ein del av statistikken for kyrkja. For begge kyrkjene i Arna viste den teljinga at det var ein del fleire i kyrkjene i Arna den 26/8 enn det avisas hadde fått med seg under sin korte vi-sitt.

Når BA hevdar at dei vil få plass til 600 i Arna kyrkje og 325 i Ytre Arna kyrkje, skjønar eg lite av det, når det i kyrkjebenkane i desse kyrkjene berre er rimleg plass til 320 og 160. Og når

rundt 30% av plassane er i bruk kan ein vel ikkje hevda at kyrkja er tom? Meir forundera vart eg likevel over avisas karakteristikk av dei som kjem med born til dåp. Når dei vert kalla «gratis ekstrabesøk» er vel det ikkje å ta desse menneska og kyrkja sitt arbeid på alvor. Dåp er jo trass alt ein del av det vanlege ved gudstenestene.

Eg trur «undersøkjinga» er ein dårleg målestokk for kva kyrkja har å seia for folk. I det lengste vil eg tru at det er fleire enn 42 i Ytre Arna og 101 i Indre Arna som er interesserte i at her er kyrkjer og gudstenester. Frammøte på ei tilfeldig vald gudsteneste gjev heller ikkje noko rett bilet av arbeidet i kyrkjelydane. Likevel kjem ofte slike tal fram i budsjettdebattar. Framlegg om å henvisa folk til dei store sentrumskyrkjene som vart bygd i ei anna tid med anna busetnadsmønster og andre arbeidsformer, viser vel at ein har lite syn for kyrkja sine arbeidsvilkår i dag. Skal vi ha ei folkekyrkje, må kyrkja vera der folket er. Den må vera ein del av lokalmiljøet og ein stad der alle aldersgrupper kan samlast.

Det hender jo også fleire gonger i året at kyrkjene i Arna vert for små, utan at avisene skriv så mykje om det. Bergen sentrum har rikeleg med skulebygg, men ein har ikkje late vera å byggja skular i nye bydelar av den grunn.

Mange har nok ei godt tilhøve til kyrkja og kristentru utan at dei viser seg så ofte i kyrkja. Eg skulle gjerne sett at det kom fleire i kyrkjene. Ei gudsteneste skal vera ein møtestad der me møter andre mennesker og der me møter Gud. Me treng kvarandre. Det kan vera godt å sjå at me er mange. Og det kan ha noko å seia for andre at du kjem. Men framfor alt har møtet med Gud noko å gje oss.

Demonstrasjonar er brukt til å seia si meinings om mangt. Kanskje kunne vi ha ein «stille demonstrasjon» ved å gå i kyrkja for å visa at vi set pris på kyrkja vår? Eller for å seia det på ein annan måte: «Unngå rushet i juletrafikken — gå i kirken hele året».

Ofringar i Kyrkjelydane

Arna sokn:

- 27.05: Kyrkjelydshuset kr. 1854,-
31.05: Kyrkjelydsarb. kr. 498,-
03.06: Diakoniutvalet kr. 765,-
10.06: Nordh. Indremisj. kr. 2012,-
11.06: Modum Bad
Nervesanatorium ... kr. 663,-
17.06: Kyrkjelydshuset kr. 1500,-
24.06: Noregs Samemisjon . kr. 1215,-
01.07: Kristenrussen i Hdl. . kr. 869,-
08.07: Kyrkjelydshuset kr. 904,-
15.07: Norsk Kristen
Muslimmisjon kr. 558,-
22.07: Bjørgvin Bispedømmeråds fam.rådgiv.kontor .. kr. 559,-
29.07: Kyrkjelydshuset kr. 1398,-
05.08: Vestl. Indrem.forb. . kr. 1313,-
12.08: Kristelig Kringk.lag . kr. 1155,-
19.08: Kyrkjelydshuset kr. 1405,-

Ytre Arna sokn:

- 10.06: Nordh. Indrem. kr. 878,-
17.06: Norsk Kristen
Muslimmisj. kr. 227,-
24.06: Den Indre
Sjømannsm. kr. 272,-
22.07: Bjørgvin Bispedømmeråds fam.rådgivn.kontor . kr. 764,-
05.08: Det Vestlandske
Indremisj.forbund .. kr. 975,-
19.08: Dei 4
diakoniinstitusjonar . kr. 725,-

50-års konfirmantar i Ytre Arna

Samlingane av 50-års konfirmantane har vore så vellukka at vi gjerne vil halda fram med det. Dataoen for samlinga i år vert søndag 7. oktober. Vi har funne fram til adressene og sendt invitasjonar. Som i fjar vil vi også innby dei som høyrdet til Haugland og Kvamme. I 1934 var det 33 som vart konfirmerte, men 5 av dei er døde.

Omberinga av Kyrkjelydsbladet

Det er no eitt år sidan vi starta med eiga ombering av Kyrkjelydsbladet. Det har spart oss for utgifter på noko over kr. 15.000. Vi kunne ikkje ha kome med så mange nummer av bladet der som vi framleis skulle sendt det som post. Ein viktig føresetnad for omlegginga var at bladet skulle koma rundt til alle likevel. Dersom du sjølv ikkje får bladet — eller du veit om nokon som ikkje får det —, er vi glade for å få melding om det slik at det kan verta retta opp. Ring då tlf. 24 04 00 eller 24 85 46 til kyrjekontora, eller send oss ein lapp om det.

Helsing
Redaksjonsnemnda

MØTE

ARNA BEDEHUS:

- 9/9: Samlingsfest kl. 18.00.
Tale v/ Leiv Nesheim.
Sang og musikk.
Program for liten og stor.
13/9: Småmøte kl. 19.30.
20/9: Småmøte kl. 19.30.
Tale v/Olav Hesjedal.
27/9: Møte for Santalmisjonen kl. 19.30.
Tale v/Helge Hitland.
30/9: Bibelskoleaksjon kl.
19.00. Tale av økon.sekr.
Oddmund Tverranger.
Elever deltar.
4/10: Pensjonistsamvær
kl. 17.00.
7/10: Misjonsfest.
13/10: Ungdomskveld. «Logos»
fra Frikirken.

YTRE ARNA BEDEHUS:

- 5-9/9: Møteveke for Santalmisjonen. Tale v/Kretssekr. Martin Halleraker.

BETANIA, LONE:

- 16/9: Vigslingshøgtid
kl. 16.00.

Haustprogram i Arna kyrkjelyd

Etter ein god sommarpause er vi samla att i kyrkje, bedehus og ulike lag til fellesskap med Gud og kvarandre. Det vil nok for mange lag i kyrkjelyden også dette semesteret bli mykje å vere med på, så 7-ande sansen kan vere god å ha. Her er nokre datoar for arrangement i regi av soknerådet og kyrkja:

- Sept. sørn. 16. Ungdomsgudsteneste.
sørn. 23. Kyrkjetreff. Vi får m.a. besøk av Helge Hitland som vil ta for seg emnet «Gode forvaltarar — er vi det?»
Okt. sørn. 14. Ungdomsgudsteneste.
sørn. 21. Kyrkjelydstreff.
sørn. 28. Haustfest for heile kyrkjelyden.
Nov. sørn. 11. Ungdomsgudsteneste.
Des. sørn. 18. Medarbeidarfest.
sørn. 2. Lysmesse.
lør. 8. Kyrkjelydstreff om ettermiddagen. Då vert det adventsverkstad for store og små.
sørn. 9. Julekonsert.
sørn. 16. Julekonsert.
lør. 29. Ungdoms-julefest.

Denne hausten blir 1. halvår i misjonens år i kyrkjelyden, og dei ulike samvera vil bere preg av det. Misjon er Guds hjartesak! La oss be om fornya misjonsglede og glød for trufaste misjonsvener i Arna, og at nye må bli utfordra og tende gjennom det som skal skje i misjonsåret vi har framfor oss.


Nye medarbeidarar

4 nye praktikantar har teke over i Arna Kyrkjelyd sin dagheim. Vi ynskjer dei velkomne og presenterar dei med dette. I nr. 6 fortalte vi at styrauen, Kjersti Kjenes Rydland også skulle slutta. Det har sidan vorte endra, og vi er glade for at ho held fram i Arna.



Brit Lise Kvamme Paula Helene Alme Irmelin K. Raa Ragnhild Tungesvik

Med ryggsekk og Inter-Railbillett på misjonsstudietur



Inter-rail og misjon, ein orginal kombinasjon ?

Kanskje, men slik vart denne sommaren både til ny visjon og inspirasjon.

Motivasjon ? Eg hadde hørt at medan kyrkja går fram i andre verdensdelar, så er det tradisjonelt kristne Europa i ferd med å verta av-kristna. Særleg i mellom- og sør-Europa er talet på levande kristne svært lavt. Denne situasjonen i Europa ropar, og ropet har byrja å nå fleire i Norge — også meg. Så denne sommaren fann eg ut at eg ville ta ein tur sørover og finne ut meir kva som skjer.

Frå stasjon til stasjon... Å reisa med tog gjennom Europa er gøy. Men etter 2 døgn samanhangande risting var det godt å koma fram til Reichenau, ca 1 time sør for Wien, der senteret til Jugend Mit Einer Misson ligg (tilsv. Ungdom I Oppdrag i Noreg). Eg var så heldig å havne midt oppe i eit seminar med ungdom frå ulike delar av Austrike og andre land. På denne måten vart eg kjend med mange og lærte mykke på kort tid — særleg om Austrike. Det inntrykket eg sit att med er at landet har ein sterk kristen tradisjon. I kvar minste landsby stikk eit kyrkje-

tårn opp over dei andre hustaka. Og ved fleire besøk i katolske kyrkjer (ca 95% av folket er katolikkar) kunne eg sjølv sjå at enno i dag er kyrkjesøkinga ganske god. Mellom 10 og 20% går i kyrkja, og det er jo langt meir enn hos oss. Men problemet er at dei fleste berre er søndags-kristne. Talet på aktive kristne som har gjeve livet sitt til Jesus er uhyre lavt. Det er minimalt med evangelisering og kristent lekmannsarbeid, så evangeliet når nesten ikkje ut til fleire.

Austerrike er ein vakker nasjon, kjend for den vakre naturen, venlege folk og store kulturskattar. Då er det tragisk at folket snur ryggen til Gud som har gjeve dei allt dette og blir opptekne av seg sjølve, materielle ting og mange også av okkultisme. Det siste er mest utbreidd i Wien og området rundt, som av fagfolk vert karakterisert som eit «svart» felt på kartet.

Dette må vel gje oss mot-løyse og frustrasjon ? Nei ! Så lenge det er liv, er det håp. Jesus lever, og han har eit levande folk — også i Austrike. Eg fekk høre om levande fellesskap og ei gryande fornying på tvers av kyrkje-samfunna. Og sjølv opplevde eg det veldig å møte kristne med ein så sterk kjærleik til Gud, ei optimistisk tru og iver for å vinne andre.

Gud vil misjon. Noko av det som kom klart fram er at Gud vil at Austrike skal bli til velsigning for andre land. Hans prinsipp er : «Gjev, så skal de få». Sjølv om behova er store innanlands, vil Gud at dei skal lyfte augo ut over og vere internasjonale kristne.

Min konklusjon : Dette må vel gjelde endå meir for oss kristne i Noreg, som i høve til i mange andre land er så mange !

Anne Britt Frøyen



Ngaoubela Tibati 7.8.1984

Kjære Arna kyrkjelyd!

Takk for positiv respons på det eg skreiv i bladet om pengar til rullestol, eller til drifta av barneheimen på Meng.

Via kasseraren her i misjonen, Ellen Eliassen fra Kronstad, har eg fått melding om at kr. 1.035,- er sett inn på konto for barneheimen. Hjarteleg takk!

Her eg nå set, på verandaen i doktorboligen på Ngaoubela, ser eg rett over til barneheimen på Meng. Mellom oss går Mengelva, og på begge sider av den er det ei stor slette, som snart vil stå under vatn når elva stig litt til. Me er midt i regntida, og det regnar mest kvar dag. Dalen er grøn og fin, med gulgrøn let over seg i kveldssola. Barneheimen er delvis skjult av enkeltståande trær, slike som me har her på savannen.

I stovene på barneheimen er det nå ni born. Åtte av dei er friske og tidige, men ei lita jente som kom for vel to veker sidan, er enno ikkje komen i form. Mora døydde i fødselen, — slik som det ofte skjer når kvinnene før heime langt både frå veg og sjukehus. Familien prøvde å stella babyen sjølv nokre dagar, men så gjekk det ikkje lenger, og dei drog hit med barnet.

Det er Lidva Hatteland frå Jæren som styrer barneheimen nå. Ho prøver å hjelpe dette vesle krekret, og gir nå mat kvar annan time — den vesle kastar opp og får ikkje behalda stort. Ein dag er det bra, neste er det gale igjen.

Foreldra til dei fleste borna her er av fulanar-stammen, halvnomader, som flytta frå stad til stad etter som beita for kyrne er. Me prøver å læra familien opp til å taka seg av borna sjølve, — sidan dei har kyr, har dei også mjølk, men det er ikkje lett å få dei til å slå seg til ro så lenge ved barneheimen at dei greier stellet. Heime ventar andre born på nokon til å stella for dei, og kyrne skal vidare!

Til sine tider har det vore mange fleire born her, til og med over 30 — men då var det også fullt! Det er vondt å ha så mange, for både barnesjukdomar og magesyke sprer seg som eld i turt gras ved overbefolking.

Takk enno ein gong for gåva!

Beste helsing
Ingjerd og Oddvar Mestad
P.t. Ngaoubela, BP. 9,
Tibati,
Cameroun

Framhald frå s. 1

byggjestart hadde indremisjonen eit byggjefond på kr. 176.000. Parallelt med bygginga har ei eiga innsamlingsnemnd organisert innsamling av midlar. Pr. 1. august 1984 er det kome inn til saman kr. 325.000. Av denne summen er 225.000 gjeve av einskildpersonar. Omlag 100.000 er kome inn ved ofringar og utlodningar og ymse tilskott, m.a. tilskott frå Bergen kom-

Mindre pengar frå kommunen

Som kjent prøver Bergen Kommune å spara pengar på mange felt. Det har også verknad for kyrkjelydane. Sokneråda har no fått melding om at det ikkje vert betalt for blomar på altaret under gudstenester, vigsler og gravferder. Sokneråda må difor finna andre måtar å ordna det på.

Til no har kyrkjekora fått noko pengar frå kommunen når dei hadde 4 forsongarar ved kvar gudsteneste. Det var ei god hjelpe til å dra kora, kjøpa notar o.l. No fell denne støtta bort, og kora fell også utanfor andre støtteordningar. Mindre pengar til inventar og utstyr i kyrkjene vert det også. Like eins til hjelphemidlar i kyrkjelydsarbeidet.

Ved alle prestekontora i Bergen er ein i spaning om korleis det vil verta for ordninga med kontorhjelp ved prestekontora. Her har ein i Bergen hatt ordningar for dette i samband med diakonklokkarstillingane i mange tiår, men også her er det på tale med reduksjonar.

For neste år ser situasjonen mørkare ut. Kyrkjevergen har mellom anna gjort framlegg om at kunngjeiring av preikelistene i avisene skal falla bort og at det skal betalast eit gebyr til kommunen ved alle gravferder. Men korleis det vert er det politikarane som skal avgjera i samband med budsjettet.

mune på kr. 25.000. Me vonar det vil koma inn ein god slump pengar i tida rundt vigslingshøgtida. På grunn av den store dugnadsinnsatsen vil indremisjonen truleg ha ei gjeld på vel 100.000 kr. når arbeidet er sluttført.

Indremisjonen såg det som heilt nødvendig å gå til ei utviding av bygget, som mange gonger viste seg å bli for lite. Me gled oss no til å få ta i bruk eit tidsmessig bygg, som skal tena arbeidet for Guds rike mellom folk i alle aldrar i bygda vår.

På vigslingsdagen 16. september vil formannen i Nordhordland indremisjon, prost Rolf Onarheim, vigsle bygget, og generalsekretær Ole Abel Sveen vil halda festalen. Alle er velkomne til vigslingshøgtida, og me vonar at dagen kan bli ein festdag for alle som har høve til å vera med.

Magne Mestad

Lege i Arna:

Lege
Frøydis Skjelbred Nilsen,
Kommunehuset,
Indre Arna.
Telefon 24 07 00.
Kontortid:
Tirsd., onsd., torsd., fred.

I MIN FORRETNING
finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyper. Monumenter besørges oppsatt.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!

GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!

Velkommen til vår
bensinstasjon!

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje



- 9/9 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00. Prost Stormark. Nattverd.
- 16/9 Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Søndagsskule.
Arna kl. 19.00. Res.kap. Sundsbø. Ungdomsgudsteneste.
Konfirmantpresentasjon. Offer til Kyrkje lydsarbeidet.
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Trengereid kl. 11.00. Stiftskap. Molde og kateket Sandvik. Konfirmantpresentasjon. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi.
- 23/9 Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Nattverd. Søndagsskule. Kyrkjekaffi.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. Takkoffer til Det Hvite Bånd.
- 30/9 Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste ved res.kap. Sundsbø.
SUNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til Bergen Søndagsskulekrins.
Kyrkjekaffi.
Arna kl. 19.30 Orgelkonsert v. organist Vidar Vikøren.
Ytre Arna kl. 11.00 Krinssekr. Nils Arne Lavik. SØNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til Bergen Søndagsskulekrins. Kyrkjekaffi.
Trengereid kl. 11.00 Sokneprest Sellevold og Bård Heradstveit. SØNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til Bergen søndagsskulekrins.
Unneland kl. 11.00 Sokneprest Handal. SØNDAGSSKULENS DAG. Takkoffer til Bergen søndagsskulekrins.
- 7/10 Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Norges kr. student- og skoleungdomslag. Søndagsskule.
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap. Sundsbø. 50-årskonfirmantar. Takkoffer til Santalmisjonen.
Arna kl. 11.00 Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Laila Ueland, Åse Iversen
Ragnhild Rein, Harald Sundsbø.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 25,-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff til nr. 8: 15. sept.